

## **Kjære alle dykk i lokallaga, leiarar, styremedlemmer og øvrige medlemmer**

Me i Rogaland bygdekvinnelag er nå godt i gang med styrearbeidet. Styret er samansett av flotte og dyktige folk, og me har det gildt i lag.

Landsmøtet tok litt tid, men nå held me på med å laga til lokallagssamling, som vert 26.oktober 2024. Meir informasjon og invitasjon kjem.

Årsmøtet i 2025 er me òg i gang med, og evalueringa frå sist årsmøte.

Me samarbeider nå òg med 4H, og dei har bede oss om å formidla at dei er veldig interesserte i samarbeid med dykk i lokallaga.

Det er mange ting å ta tak i og mykje spennande. Utan dykk er me ingenting, så ta kontakt om det er noko de lurar på eller de vil snakka om. Bruk sonekontakten dykkar eller ein av oss andre i styret.

Sender med meir informasjon om viktige datoar og anna viktig info.

God sommar til dykk alle!

Mvh  
Ingrid Haugstad Håland og  
Ann Karin Hammer